



arkitektur og farge

“Byene avslører ikke sin fortid, men inneholder den liksom linjene i en hånd. Den er skrevet på gatehjørnene, vinduskarmene, trappenes rekkverk, lynavledeerne, flaggstengene...”

- Italo Calvino, Usynlige byer

Diplomoppgåve vår 2012 - Inger Johanne Fagerli
Rådgjevarar Svein Skibnes og Eli støa





Arkitektut og Farge

Som ein del av mitt studium av utviklinga av Holmen har eg sett på relasjonen mellom arkitektur og farge. I Risør er den kvite tradisjonen svært sterk, og alle "fargar" vert sett på som skjemmande i bybiletet. Kvifor er et slik, og korleis skal Holmen fargesettast? Er det rett å mala alle husa kvite for at dei slik skal passa inn i bybiletet?

Målet er likevel å læra seg nok til at eg skal kunne ta bevisste og vel gjennomtenkte val kring materialbruk og fargesetting. Desse vala skal vera forankra i settinga: samspelet mellom det historiske og samtida.

Mykje av kunnskapen tek eg frå boka "Farger i arkitekturen" av Mette L'orange. Ho tar opp farge generelt og spesielt Risør sin fargehistorikk. Grunnen til at eg har valt denne boka, er at ho ikkje berre gjev meg ei rask innføring i mange generelle tema, men altså har særskilt fokus på målbyen, Risør. Den historiske fargeutvikling til byen har eg såleis i bakhovudet saman med den utarbeidde miljøestetisk planen for staden som mellom anna tek for seg fargeproblematikk. Eg håper at denne informasjonen saman med sunn fornuft gjev meg den bakgrunnen eg treng for å nå målet mitt.



Når ein ser på Risør og snakkar med folka der, kan det virke som om byen alltid har vore kvit, og at han for alltid skal fortsetta å vera det. Men sanninga er at Noreg har ein rik fargekultur og fargehistorie. Slik det er i Risør, til liks med med så mange andre byar, har historiske svingingar ,sosiale så vel som økonomiske nettopp fått sitt uttrykk i fargevalet.

I opphavet, hadde det meste av arkitekturfargesettinga i Noreg naturen som utgangspunkt. Det var ikkje før på slutten av 1400-talet at den meir einsfarga tendensen kom. Fargane som hovudsakleg dominerte i denne perioden var engelsk rød, dodenkopf, guloker og grønn jord. Blykvitt var på marknaden, men denne var svært kostbar og vart hovudsakleg brukt på mindre komponentar i fasaden. Det var på dette tidspunktet at svekkinga av polykromien i norsk arkitektur tok til.

Det var og på 1400-talet at Risør blomstra opp under tømmerhandelsverksemda til hollendarane. Dette viser at Risør vart til i ein periode kor det var andre fargar som dominerte bygningane, og at bybiletet difor må ha sett radikalt annleis ut enn det gjer i dag.



Det gamle politihuset

På 1600-talet vart Risør ladestad under Skien og utvikla seg til å bli ein rikare og meir velstående by. På denne tida ser ein samstundes ei markant endring i fargebruk og materialar i norsk arkitektur. Me er inspirert av europeisk byggeskikk og materialbruk. Der ein ikkje hadde råd til å laga murbygg brukte ein ornamentikk og fargesetting for å etterlikna stilen. Slik vart dei dusare sand- og kalksteinsliknande fargane innført på trehusa. Den dyre kvitfargen vart bruk i blanding med jordfargane, og ein fekk fleire nyansar av rødbrunt, brunt, gult, gulgrått, beige, grårosa og kvite og gråkvite nyansar.

I 1700 hadde Risør større tollinntekter enn Kristiansand og var nå ein by med svært velstående innbyggjarar, der dei fleste handelsmenn. På denne tida har den norske barokk og rokokko sin stordomstid. Formspråket er kjenneteikna av at ein vektlegg symmetri, bogar og dekorerte inngangsparti. Først med den norske rokokkoen på midten av 1700-talet kjem den lette, luftige tonen frå den romerske barokken med pastellfargane som hovudtendens. Kritt eller blykvitt blanda med litt jordfarge gav variantar av lyse natursteinsfargar.

På denne tida, og heilt fram til slutten av 1800-talet er Risør ein svært rik handelsby med tette band til Europa. Det er difor grunn til å tru at bygningane i byen, i alle høve fasadane mot hamna, følgte med i motane og utviklinga i arkitekturen, og difor fargesetting.



I 1861 tek den store bybrannen i Risør med seg 248 bygg. Berre 81 stod att. Dette er i epoken norsk klassisisme og empire 1750-1870, og i denne perioden utvikla stilen seg mot () enklare, strengare, men meir herskapeleg former. Det var framleis steinimitasjonsfargane som var dei dominerande, men under empireperioden 1800-1870 vart også kvitt brukt som panelfarge for dei som hadde råd. Denne vart gjerne sett saman med andre fargar som rå umbra, grøn umbra og lys oker. Alle ville sjå rikast muleg ut, og maling vart virkemiddelet.

Då Risør skulle byggast opp igjen etter brannen var mange av dei som blei råka, rike handelsmenn. Den klassiske stilen og dei lyse fargane vart innført då dei fleste hadde råd til det. I første omgang var det fasadane mot hamna som vart malt, medan dei fasadane "ingen kunne sjå" var i dei tradisjonelle jordfargane eller tjæra laft. På slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet har det skjedd svært lite i Risør sentrum, og det er difor byen er så sterkt prega av denne kvite, klassiske stilen som han er kjend for i dag.



På grunn av dårlig økonomi utover på 1900-talet, og kommunen si strenge reguleringsplan har Risør berre eit bygg som representerer 60-talet sin "betongbrutalisme"..



Etter 1800-talet har det skjedd mykje både i utviklinga av farge og måten han vert brukt på i arkitekturen. Farge, kunst og arkitektur har opp gjennom 1900-talet hatt tette band og slik har ein fått ei rasande utvikling. Syntetisering av fargar, ved NCS-systemet, gjer at me i dag har tusenvis av fargar å velje mellom når me skal sette farge på huset vårt. For dei fleste av oss står me fritt til å velja sjølv, men for somme er deira private hus ein del av ein streng kommunal fargepolitikk, så som i Risør.

Somme andre stadar i Noreg har dei også ein streng fargepolitikk som til dømes Sortland med sitt “blåbyprosjekt” og Lom som brukar brunfargen som identitetsfaktor.

Etter tusenårsskiftet kom det departementale prosjektet “tusenårsstedet”. Dette prosjektet gjorde at fleire byar og tettstadar fekk auga opp for å markera stadsidentitet gjennom farge. Fargen fekk eit oppsving i forhold til stadsutvikling, og ein fekk fornya interesse for farge i byplanlegginga. Risør sitt “motto” eller “kjennemerke” er jo “Den hvite by ved Skagerrak”. Det er då kanskje ikkje så rart at dei vil tvihalda på denne fargen, då mange meiner at det er sjølv blikkfaget til denne byen. Men kva er det eigentleg som gjer Risør så spesiell? Er det elles rett at om den gamle, historiske trehusbebyggelsen er kvit så skal alle andre hus også vera kvite for å føya seg inn under denne “identiteten”? Dette er både utfordrande og spanande spørsmål!

“Så lenge ikke fargen har vært med i konseptet fra starten av , er det vanskelig å tilføre noe i ettertid.”

-Fritz Schuemaker, Der Kunstwart 1901



Det har vært gjort ei studie på fargar i Risør, og det mangfaldet som eigentleg finnest der. Denne studia finst mellom anna i boka "Fargar i arkitekturen", og det er denne eg har brukt for å sette meg inn temaet. Eit omfattande arbeid er blitt gjort, både for å kartlegge dei fargane som finst der i dag, den historiske paletten og ikkje minst naturfargepaletten som ein finn i byen. Det er ikkje til å komme vekk i frå at byar skifter stemning gjennom året i det vakre landet vårt! Naturen spelar så avgjort ei rolle i korleis ein oppfattar eit bygningsmiljø!

Ein kan henta døme frå Risør: Om vinteren ligg byen kald og kvit, som i dvale. Bygningane glir inn i omgjevnadane og berre dei kvassaste fargane stikk seg ut. I det blå lyset me har om vinteren vil også dei forskjellige kvitfargane endra karakter og tone. Kvitt er ikkje berre kvitt! Om sommaren er Risør alt anna enn kald og dvaleliggande. I det varme sommarlyset vil dei kvite husa gløda på ein annan måte. Taka, som anten er raude eller svarte, vil vera med på å danna landskapet som byen er. I tillegg vil alle vekstane, særleg dei rosa eller raude rosene, dominera bybiletet. Dermed vil dei stor kvite flatene virka mindre dominerande.

Vegetasjon og plantesetting er difor ikkje noko som berre høyrer naturen eller landskapsarkitektane til. Dette vil i alle høgste grad påverka også det bygde miljøet og korleis ein oppfattar dette. I omgrepet arkitektur og farge vil eg difor også ha med den levande fargen.

Kvitfargar på eksisterande hus



Historisk pallett

Naturfargepalletten




Eksisterande bifargar på uthus og detaljar



Pallettene på venstre side er resultatet av fargeanalysearbeidet i Risør frå boka "Fargar i arkitekturen." Dei visar det mangfald ein kan finna om ein berre har auga opne og ser etter. Det kan vera verd å nemna at prosjektet ikkje vart så godt motteke lokalt, for folk var redd det heile skulle enda i ei massiv fargemessig endring av byen. Ein mana med gru fram bilde av ville tivolitilstandar på husfargemarknaden og utvikla ein nær kollektiv, hardnakka og ulækjeleg skepsis som så vart eit effektivt bolverk mot forandring.

Prosjektet sitt mål var aldri at ein skulle setta i gang med å føra fargane tilbake. Det var heller ein studie av fargar, bygningskultur og historie saman med ei slags bevisstgjerjing for folk i byen slik at dei skulle kunna sjå meir.

Fargane på høgre side er fargar eg har sett saman frå den historiske palletten og somme av de kvitfargane ein finn på hus i dag. Dette viser seg å vera mykje meir farge enn kvit. Desse fargane er ennå berre tankar kring korleis ein kan sette farge på Holmen.



Dette bildet er også henta frå boka, og det har inspirert meg til å laga ein skjematisk plan for korleis eg ser for meg at Holmen kan fargesetjast. Dei store kvite husa i hamna, som vist her, er ein stor del av det bildet folk dannar seg når dei tenkjer på Risør. Det er ein spanande tanke at ved å trekka kvitfargen vidare inn på Holmen frå dei bygga eg legg ved vatnet, sjøhusa, held ein den kvite tradisjonen vedlike. Elles tenkjer eg at husa på Badskjær har ulike nyansar av fargar frå same palett som gjer at dei dannar eit landskap saman.

Sjøsenderhuset skal få ha sin karakteristiske gule farge, Sjå neste side.





I dagens arkitektur er det meir eller mindre full fridom både når det kjem til farge- og materialbruk. Alt går an, alle fargar finst. På Holmen og i trebyen Risør vil eg likevel halda meg til den meir tradisjonelle bruken av tre og mur.

Sjølv med eit hav av fargar, malingstypar og behandlingsmåtar ser eg i trearkitekturen ein tendens til å bruka ubehandla materialar, som sibirsk lerk, kjerneved av furu eller ubehandla ospekledning. Kanskje er det ei følgje av dei mange valmulegheitene at det er lettare slik. Ikkje veit eg, men ein slik bruk av materialar har ei hint av historie i seg. Materialane skal gråne i sitt eige tempo, prosessane skal skje naturleg, og materialet sjølv skal vera med på å forma bygningen. Dette er ein tanke eg finn interessant og spanande, men eg meiner klart at alt har sin rette stad. Ei ubehandla lerkledning i eit tørt klima på fjellet med fine forhold utan for mykje fukt vil, som tenkt, får ein sølvgrå meir eller mindre jamn patina. I eit fuktig kystklima er det ikkje sikkert at utfallet vil vera like vakkert. Svart muggsopp kan til dømes setta svært stygge flekkar på eit elles pent bygg. Noko kan ein unngå. Å behandla bygga på Holmen med anten olje, beis eller maling er naudsynt skal ein ha eit kontrollert fargemiljø. I tillegg vil dette ha ein positiv effekt på levetida til materiala.

Holmen ligg midt i utsynet frå torget i Risør, og han er omkransa av grønne, grå og brune holmar, det blå havet og himmelkvelven.

Det har vore eit poeng for meg gjennom heile prosjektet å halda bygningane på Holmen så låge at ein framleis skal kunne sjå konturane av øyene bak, slik at dei framleis får danne ramma for det fantastiske biletet utsynet frå Risør hamn er og kan bli. Slik det har vore tenkt i det fleste forslaga som er kome, er bygningane på Holmen teikna kvite for at dei skal passa inn med resten av byen. For meg har det vore viktigare å få Holmen til å passa inn i det landskapet han er ein del av, og bruka fargane frå den vakraste paletten av dei alle, nemlig naturen. Ospetre er eit element frå naturen eg vil ta med meg. Blomar og andre vekstar er det meir opp til den enkelte bebuar å planta for å setta sitt preg på bustaden sin. Eg håper like fullt at det blir roser og andre

vekstar som gjer at øya skifter karakter i takt med årstidene.

Biletkunstnar Jostein Kirkerud sa ein gong; "Hvis vi bare kunne bruke fargene slik naturen gjør det!"

Naturpalletten og den historiske palletten for Risør går hand i hand. Det er desse to pallettane eg har teke utgangspunkt i når eg har planlagt bygga på holmen. Målet er at bygningane skal danna ein heilskap med omgjevnadane; ikkje at øya skal verta oppfatta som eit "isfjell" i horisonten, men som eit naturleg innslag i skjærgården. Slik vil eg også prøva å markera at dette er ei ny epoke i historia, utan å fråta Risør sitt karakteristikum, den kvite fargen. Denne er framleis der han skal vera, i den historiske byen. Eg meiner likevel at det er vår plikt som arkitektar er at me set spor etter oss, fotefar frå vår kulturelle samtid. Kva hadde vel historia vore utan dei tause røystene til byggverka?

 **Holmen**
MARKTETS KJØPER

Vil du ha bolig her?
Kontakt oss nå!

www.risorholmen.no

 **RISØR**
HOLMEN